

Møtestad: Sundal, Norddalsfjorden, Flora kommune

Deltakarar: Hildegunn R. Gjelsvik, Knut P. Bøyum, Jorunn Sundal, Inge Masdal, Olaf Skjerdal og Asbjørn Eikerol (møtande vara). Tordis Skjerdal Raubotni var til stades som redaksjonsmedlem i Jol i Sogn.

Styresaker:

1. **Julehefte**
2. **Gåvemidlar**
3. **Kursverksemd**
4. **Innspeling av julesongar**
5. **Orientering om NU-landsmøte**
6. **Ymse/orienteringar**

Jorunn hadde invitert styret til møte heime i Sundal, Norddalsfjorden. Einskilde av styremedlemmane var med å drog aure før styremøtet starta. Resten av styret vart møtt av nysteikt aure og rabarbradessert! Vi fekk og omvising i Grøndalen av Jorunn. Maten og fantastiske omgjevnadar bidrog utvilsamt til at diskusjonane og praten, om mogleg, sat ekstra laust denne tysdagen!

1. Julehefte

- Jorunn; Jul i Sunnfjord har hatt redaksjonsmøte, mange gode innspel til artiklar.
- Jul i Sogn, skulle ha redaksjonsmøte etter styremøtet i dag
- Frist for innlevering av artiklar til begge hefta er 15. oktober
- Christoffer skal undersøke om det er mogleg å få strekkode til hefta
- Planen er at hefta er klar til midten av november (for utkøyring)
- Christoffer må skrive avtale til bruk av namnet, «Jul i Sunnfjord». Dagens avtale er berre mellombels. Christoffer gjer det i løpet av veke 23

2. Gåvemidlar

- Christoffer orienterte om gåvetildelingar. Dei laga som har fått avslag har fått melding om det. Elles har Sparebankstiftinga fått oversikt over kva lag og organisasjonar som får gåvetilskot. Stiftinga er i samtale med bankeigarane om nokre av dei vil overrekke gåvene. Christoffer håper at alt er avklart i løpet av veke 23

Referat. Styremøte 28.5.2019

3. Kursverksemd

- Lage til eit kursopplegg og sende til lokallag. Aktuell kursperiode haus/vinter
- Vi stiller med kurshaldar, må regne ut kurspris (deltakaravgift inkl. leige av rom, minimum 8 timar). Christoffer tek ansvar for å rekne ut forslag til kurspris og foldar med informasjon om kursa

Forslag til kurs:

- Hellebakst, bunadsbandveving (Jorunn fekk 350,- pr. time frå husflidslaget)
- Lydkurs
- Dans
- Datakurs/administrasjon/Hypersys?

4. Innspeling av julesongar

- Forslag frå Tordis Skjerdal Raubotni om å sende invitasjon til skular om å medverke til innspeling (om dei kan spele inn to-tre songar kvar). Christoffer tek ansvar for å sende invitasjon
- Olaf skal snakke med Olav Stedje, om han er interessert i å bidra

5. Orientering om NU-landsmøte

- Årsmøtet var utan dei store bølgene. Bunad, gav NU mykje positiv merksemd, både før under og etter landsmøtet. M.a. var den nye styreleiaren (Torbjørn Bergwitz Lauen) intervjuet i Norgesglaset

6. Ymse/orienteringar

- Johanna går av med pensjon. Vi må ha ny rekneskapsførar. Jorunn har ein som kan gjere jobben (rekneskapsførar), men treng rekneskapsprogram. Christoffer orientere om Fiken, kanskje det kan brukast? Christoffer sender lenke og informasjon til Jorunn som vidareformidlar dette
- Bornestemne. Knut orienterte kort. Han skulle i møte på kvelden same dagen med arrangementsansvarlege i Fjærland. Nokre små endringar i programmet elles er det meste i rute.
- Hildegunn har snakka med Eikås UL. Dei har problem med å skaffe folk til å ta ansvar for barnedans i laget. Om ikkje noko vert gjort risikerer ein at denne aktiviteten vert lagt ned. Mykje av arbeidet har falt på leiar av lokallaget, sjølv om dette eigentleg er samarbeid med kulturskulen i Jølster. Styret diskuterte saka og Hildegunn vil ta ein nærare prat med Eikås UL for å sjå om det er mogleg å finne ei løysing på dette. Christoffer kan ev. stille på møte om ønskjeleg. Asbjørn foreslo at ein burde sjå om det var mogleg å forbetre samarbeidet med kulturskulen
- Christoffer orienterte om paneldebatten i Leikanger 12. juni. Eldgrim Fossheim leiar paneldebatten. Vi har fått noko tilskot av Leikanger kommune som vi kan lønne Fossheim med. Venter òg på svar frå Sogndal kommune og Nye Sogndal kommune på svar på søknad om økonomisk tilskot



Referat. Styremøte 28.5.2019

- Christoffer har fått spørsmål frå Stadlandet UL om nokon er interessert i å sjå på Dragseidspelet som dei arrangerer 8-9. juni. Alle i styret var diverre opptatt den helga

Referent

31.5.2019

Christoffer Knagenhjelm

Rådgjevar for kulturbygg og ungdomslag i Sogn og Fjordane

